

Medlem i Eldrerådet, Magne Huglen, bed eldre ta kontakt.

27.03.2020



Magne Huglen, medlem i Eldrerådet, bed eldre ta kontakt.

Medlem i eldrerådet, Magne Huglen, fortel at han ikke har blitt kontakta av folk som treng spesiell hjelp i pandemi-situasjonen, og at han håpar at ingen eldre brenn inne med spørsmål. Framleis er ikke det nye styret i eldrerådet valt, men på Kvinnherad kommune sine heimesider er det sett ein digital møtedato for eldrerådet i starten av april.

Det er fem faste medlemer og like mange vararepresentantar.

Magne Huglen oppmodar no dei eldre i kommunen til å ta kontakt med han, eller nokre av dei andre medlemene i eldrerådet, dersom det er noko ein lurar på angåande den pågåande situasjonen, eller andre innspel ein vil ha formidla til kommunen.

– Vi skal vera eit talerøyr og rådførande organ for dei eldre, og vi håpar ikke at det er nokon som brenn inne med noko no, seier han over telefonen.

Risikogruppa

Både alderen og den nyleg avslutta kreft-benhandlinga gjer at Huglen sjølv, i dobbel forstand, er ein del av risikogruppa.

– Eg har snakka med fleire som har sete seg sjølv i heimekarantene eller isolasjon. Det var igrunn planen min også, fortel Huglen.

Eldrerådmedlemen har intrykk av at dei eldre tar situasjonen med fatning, og er flinke til å ta forholdsreglar.

– Dei har vore gjennom eit langt liv, og alle eg har snakka med er flinke til å beskytta seg, forklarar han, som samstundes håpar at dei eldre no får den informasjonen dei treng.

– Eg ser sjølv at det kan vera vanskeleg å følgja med på, og forstå retningslinjer ein får frå øvre hald. No er mange av dei eldre allereie på nett, men eg håpar at resten også får viktig informasjon.

Han oppmodar nok ein gong eldre med spørsmål om den pågående virus-situasjonen, eller berre generelle innspel, om å ta kontakt.

– Det er som sagt dei vi er her for, avsluttar den ferske eldrerådmedlemen.

Tekst: Frå kommunen si heimeside

Foto: Grenda

Nett: Kristian Bringedal